

ÅRSMELDING KEIPEN TURLAG 2008.

Keipen turlag har pr. årsmøtedato 88 medlemmer . Styret har det siste året vore samansett slik:

Leiar: Ottar Dahl

Nestleiar: Gisle Skjølberg

Sekretær: Sissel Sandvik Igland

Kasserer: Bjørg D.Lofnes

Styremedlem: Olga Årsnes

Styremedlem: Rogier van Oorschot

Styremedlem: Reidun Isane Solvang

Vara til styret: Dagrunn Briksdal

Aktivitet: Laget har hatt årsmøte og 1 styremøte. Turprogram med 32 planlagde onsdagsturer, 11 søndagsturar og 3 dager/ettermiddager med OPE HUS på h.h.v. Moldahytta og Knekkevatnhuset. I indre har vi hatt ca. 150 deltakarar, 4 av turane har vore avlyste (ingen frammøte / dårleg ver). I ytre har vi hatt 120 deltakarar, 5 turar avlyste (ingen frammøte/dårleg ver). Her har vi flest deltakarar på Hornelen og Vetvika. Gudsteneste på Hornelen var ein tur med stor interesse for også i år. I Davikområdet hadde vi 120 deltakarar på Trodastemne.

Fjelltrimmen (bøker utlagt på forskjellige fjelltoppar i kommunen). Det er registrert stor turaktivitet til FJELLTRIMMEN. I Svelgenområdet har vi hatt 3982 besøk på 7 postar fordelt på 850 personar. I ytre er det ikkje opptalt endå, men dei melder om deltakelse omtrent som 2007, d.vs. tett på 5000 besøk.

Det er kjøpt inn og plassert nye "postkasser" til turbøker på Troda, Søndstua og Gulebrystet.

Dugnad: Det har vore utført ein stor dugnad med vedlikehold på Moldahytta, dette i samarbeid med STIF som eig hytta. Turlaget har her hatt tilsaman 218 dugnadstimar og bevilga kr. 10.000,- til materiell. Det har og vore dugnad med vedlikehold av stien til Hornelen, 12 timar.

Keipen turlag har vore med i kartnemnda til Bremanger Vekst og hamn og utarbeidd TURKART OVER BREMANGER.. Dette er eit nytt kart i målestokk 1:50000 med stipla ruter og beskrivelse av turar. Ventar at det kjem ut i 2009.

4 medlemer har vore med i denne nemnda som har hatt 4 møter.

Representasjon: leiar Ottar Dahl har vore utsending til landsmøtet i DNT. Ot Bjørg Lofnes og Reidun Solvang har vore utsending til årsmøtet på Skei hotell. Ottar Dahl har vore utsending til Fellesmøtet i Stryn.

Keipen turlag hadde stand under Elken si markering av 80-års drift i Svelgen i mai.

I Svelgenområdet har vi prøvd å få drift på Barnas turlag. Har ikkje hatt så veldig stor aktivitet endå, men har tru på god aktivitet våren 2009.

Svelgen, 19.11.2008

Keipen Turlag

Ottar Dahl
Leiar

Sissel Sandvik Igland
sekretær